

KVALITETSSYSTEM for Helse Sunnmøre HF Volda sjukehus

| | | | |
|-------------------------------|-----------------------------------------------------------------|-------------------------------------|---------------------|
| 0100.40.05.010 | Vedtekter | | Nivå: 1. |
| Volda sjukehus | BARNEHAGEVEDTEKTENE | | Side : 1 Av : 5 |
| Revisjon : 3 Erstatter : 2 | Utarbeida av: Styrar i Oppigarden og styrar i Åsemyra barnehage | Godkjend av direktør Astrid Eidsvik | Dato: 01.05.2002 |

OPPIGARDEN BARNEHAGE er statleg og vert driven av Helse Sunnmøre HF, Volda sjukehus.

Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, Rammepplan og dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter og retningslinjer gitt av Kunnskapsdepartementet, Staten og Helse Sunnmøre HF Volda sjukehus.

Barnehagen er eit personalpolitisk tiltak for å sikre tilgang på kvalifisert personell til Helse Sunnmøre HF Volda sjukehus, Mork rehabiliteringssenter og Oppigarden barnehage.

MÅL FOR OPPIGARDEN BARNEHAGE:

Overordna mål:

Oppigarden barnehage skal vere ein brukartilpassa barnehage med barnet i sentrum.

Hovudmål 1: Kvalitet

Borna ved Oppigarden barnehage skal gjevast gode høve for læring og utvikling

Hovudmål 2: Brukartilpassing

Gje foreldre/føresette høve til innsyn i barnehagen sitt liv og gje dei høve til å påverke dette.

Hovudmål 3: Informasjon – kommunikasjon:

Rett informasjon - på rett stad til rett tid.

Hovudmål 4: Personal- og organisasjonsutvikling:

Sette organisasjonen og den einskilde i stand til å endre seg i tråd med utviklinga.

Hovudmål 5: Fysisk og sosialt miljø:

Arbeide for helse, miljø og tryggleik i barnehagen.

A. OPPTAKSMYNDDE

Barnehagen har ein opptakskomiteé som skal syte for opptak av barn etter innstilling frå styrar. Opptakskomiteen skal ha slik samansetjing:

Personalsjefen og 2 representantar frå dei tilsette ved Helse Sunnmøre HF

Funksjonstida for medlemene skal vere 2 år.

B. RETNINGSLINJER FOR OPPTAK AV BARN VED BARNEHAGEN

1. Barnehageplass ved Oppigarden barnehage skal som hovudregel tildelast barn av tilsette ved Helse Sunnmøre.
2. Ledige plassar må kvart år lysast ut i lokalavisene og / eller gjerast kjent ved oppslag i dei institusjonane som har høve til å søkje om plass i barnehagen.

Søknadsfrist for hovudopptak til barnehageåret som tek til 15. august er vanlegvis 1. mars.

Barn som vert tildelt plass, beheld denne inntil barnet tek til på skulen. Ein føresetnad for dette er at foreldre har stilling innan Helseforetaket

3. Barnehageplass skal tildelast etter ei totalvurdering der ein legg særleg vekt på det personell institusjonen har størst trong om.
4. Når omsynet til pkt. 3 er teke med i vurderinga, skal tildeling av barnehageplass finne stad etter fylgjande prioritering :
 - Tilsette som søker om tildeling av heil barnehageplass.
 - Barn som går i barnehagen frå før og søker utvida plass.
 - Syskjen
 - Andre, men då for eitt barnehageår om gongen (jf. Pkt.12)
5. Barn med fysiske, psykiske eller sosiale funksjonshemmingar skal ha prioritet ved tildeling av plass, jf. Lov om barnehagar.
6. Einslige forsørgjarar skal under elles like tilhøve prioriterast ved tildeling av barnehageplass.
7. I dei høve der søkjarar elles står likt med omsyn til tildeling av barnehageplass, skal dei med lengst ansiennitet i verksemda prioriterast.
8. Ved tildeling av plassar i Oppigarden barnehage skal det så langt råd (jf. pkt. 3) takast omsyn til avdelingsgruppa si samansetjing med omsyn til kjønn, alder, kontinuitet og deling av plassar.
9. Klage på opptak kan påklagast admin. direktør jf. Forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt parten er underretta om vedtaket.
10. Dersom nokon som er tildelt barnehageplass sluttar i si stilling, vil barnehageplassen falle bort frå same tidspunkt som vedkomande sluttar i stillinga. Dei kan etter søknad behalde plassen ut barnehageåret. Dette gjeld ikkje i dei høve der ein tilsett med tildelt barnehageplass går over til ei anna stilling, dersom dette er ein institusjon som fell inn under pkt. 1.
11. Ved lengre permisjonar (ut over 1 mnd), vil tildelt barnehageplass etter søknad til opptakskomiteen kunne behaldast.
12. Dersom det ved barnehagen er ledige plassar etter tildeling ut frå retningslinjene ovanfor, vil eventuell ledig plass, etter søknad til opptakskomiteen for barnehagen kunne tildelast andre statlege tenestemenn. Dersom det framleis skulle vise seg å vere ledige barnehageplassar, blir desse å tilby samordna opptak i kommunen.
13. Ein gjensidig oppseiingsfrist på 3 månader skal gjelde for alle tildelte plasser. I oppseiingstida skal det betalast for plassen om den blir brukt eller ikkje. Barnehageplassane kan seiast opp frå 1. og 15. i kvar månad slik at det ved oppseiing av plasser skal betalast for halv eller heil månad.

Dersom eit barn blir tatt ut av barnehagen etter 1 mai (dvs. at barnehageplassen blir oppsagt etter 01.02.), må det betalast ut barnehageåret for plassen (til 15.08.)

Ved utestående betaling frå brukar, kan barnehagen vurdere å seie opp avtalen med 1 månads varsel og oppseiingstid.

14. Brukartilpassing

Dei som har fått tildelt plass kan endre plasstorleik etter søknad, dersom dette ikkje er til hinder for barnehagen si faglege og økonomiske drift.

-Ingen barn skal ha mindre enn 40 % plass.

-Alle barn som har anna enn 50 % plass skal ha minimum to dagar kvar veke.

- a. Dei som har redusert plass til sine barn, har ikkje høve til å byte dagar innbyrdes. Dei har inngått ein fast avtale.
- b. Foreldre kan søkje om alt frå 40 – 100 % plass. Dersom barnehagen ikkje kan tilby første ynskje, får de anna tilbod.
- c. Foreldre som har redusert plass til sine born, har berre høve til å ha tilvenning med borna sine på dagar dei har tildelt plass.

C. SAMARBEIDSUTVAL FOR OPPIGARDEN BARNEHAGE

(jf. § 4 i lov om barnehagar)

Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen:

2 medlemmar valde av og blant foreldre

2 medlemmar valde av og blant dei tilsette i barnehagen

1 medlem frå sjukehuset utpeika av direktøren

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Funksjonstida for medlemmane skal vere 1 år.

SAMARBEIDSUTVALET SINE OPPGÅVER:

Samarbeidsutvalet tek i vare dei funksjonar som er skissert i lov om barnehagar om samarbeidsutvalet § 4.

D. FORELDRERÅDET

Foreldrerådet er samansett av alle foreldre/føresette til alle barn i barnehagen.

FORELDRERÅDET SINE ARBEIDSOPPGÅVER :

Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og barnehage. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval som har hovudansvar for dette arbeidet (Indre foreldreråd).

Foreldrerådet skal få seg førelagt saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen. I slike saker har foreldrerådet rett til å uttale seg før avgjerd blir teke.

Ved avrøysting i foreldrerådet vert det gjeve 1 stemme for kvart barn og vedtak med vanlig fleirtal gjeld.

E. INTERNKONTROLL

Barnehagen er ein del av Volda sjukehus si verksemd og følgjer deira retningslinjer for internkontroll.

F. OPNINGSTID

Opningstida ved barnehagen er frå kl. 07.00 - 16.15

Barnehagen held oppe 5 dagar kvar veke heile året.

Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12.00.

Julaftan og nyttårsaftan er barnehagen stengt.

Barnehagen har 5 planleggingsdagar pr. barnehageår. Barnehagen er då stengt for barna. Direktøren godkjenner plassering av planleggingsdagane.

G. AREALUTNYTTING

Følgjande fastsetting av netto leike- og opphaldsareal pr. barn, dvs. arealutnytting, skal gjelde for Oppigarden barnehage :

Barn under 3 år : 5,3 m²

Barn over 3 år: 4,0 m²

H. BETALING

Betaling for barnehageplass blir fastsett av direktør og kan endrast frå 1 januar kvart år, eller med tre månaders varsel. Betalinga skjer på etterskotsvis ved trekk i foreldre/føresette si løn.

Det skal betalast for 11 månader i året. Juli er betalingsfri måned.

I. FERIE

Alle barn skal ha 4 veker ferie i året. Hovudferien bør leggest til sommaren der borna bør ha minimum 3 veker samanhengande.

J. FORSIKRING

Det er teikna ei kollektiv ulykkesforsikring for alle barn i barnehagen. Forsikringa dekkjer ulukkesskadar som skjer :

- innanfor barnehagen sitt område i opningstida.
- under leik, utflukter, reiser, bedriftsbesøk og liknande som er arrangert av barnehagen.
- på direkte veg/reise til og frå barnehagen.

K. HELSEKONTROLL AV TILSETTE

Tilsette i fast stilling eller lengre vikariat skal leggje fram tilfredsstillande legeattest.

Barnehagepersonalet har plikt til å gjennomgå adekvat tuberkulose kontroll jf. § 23 i Lov om barnehagar.

L. POLITIATTEST

Den som skal arbeide i barnehagen må leggje fram tilfredsstillande politiattest jf. § 19 i Lov om barnehagar.

| | | |
|---------------------------|----------------------------|--------------------|
| Volda sjukehus | BARNEHAGEVEDTEKTENE | Side : 5 Av : 5 |
|---------------------------|----------------------------|--------------------|

M. SJUKDOM

Styrar avgjer om eit barn grunna sjukdom, midlertidig, inntil 1 veke, ikkje kan vere i barnehagen med omsyn til barnet sjølv eller dei andre barna.

Ved ulukker, sjukdom og mistanke om epidemi avgjer styrar om lege må kontaktast omgåande.

Føresette skal underrettast.

N. Denne vedtekt gjeld frå 15.august 2006.